

31.12.2009

## Skirenn i Uskedalen på 1950- og 1960-talet.

**Den fine vinteren med biletar frå Myklebust og Fjellandsbø minner meg om Uskedal Idrettslag sine lokale skirenn på 1950- og 1960-talet.**

Straks det var nok snø vart det spontant skipa til skirenn. Hallvard Døssland, Edvin Kjærland og andre dugande skiløparar gjekk opp spor og stod for alt det praktiske.

Kunngjeringa var plakatar og at det vart sagt på skulen på laurdagen.

**Stort sett vart det brukt to alternativ til arena, anten nede i bygda eller på Fjellandsbø.**

Skiløypa med start og mål på Sandabakkane gjekk opp over Øvre Feet, innover Døsslandsheio med retur over elva ved Klehølen, over bakkane til Kristian Myklebust i Myro der Tormod har køyrt opp spor i dag, gjennom tuna på Myklebust, over Revhaug og så innom Halsabråtet og attende til mål over Skårhaug og ned Bringedalsbakkane der Marit og Leon Gundersen bur.

Vi gjekk i mål ved å køyra ned desse bakkane og over riksvegen. Med liten biltrafikk på den tid kunne dette tilrådast. Likevel var det oftast ei vakt i vegen og passa på.

På Fjellandsbø var start/mål på haugen nett sørøm tunet i Friheim. Løypa langs Fjellandsbøvatn, over myrane nedom tuna og opp mot Skaret, vidare opp den bratte lia og over til Åsaredalen og attende til mål. Løypa gjekk alltid der det var råd å koma fram utan for mange hindringar.

Eg minnest særleg ein gong dette skirennet vart skipa til. Det var på same sundagen som det var hopprenn i Holmenkollen. Frå ein batteridriven radio lydde røysta til Bjørge Lillelien.

Alle hadde startnummer og det var premie til dei tre beste i kvar klasse.  
Desse skirennna må vel reknaust som lagsmeisterskap.

Ja, dette er så langt eg minnest.

Dersom andre har gode minne eller har rettingar til det eg har skrive, er det fint om dette kjem fram.

Av Kristian Bringedal